



29. september 2014

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Vår ref.: 45/2014 - 463.0.  
Dykkar ref:

## **Søknad om investeringsmidlar til stabilisering - Manger kyrkje.**

Som kjent har vi ein del utfordringar knytta til stabiliteten for Manger kyrkje. Bygget er ifølge målingar 22 cm ut av lodd. Rapport frå februar 2014 tyder på at bygget ikkje er stabilt, men er i rørsle slik at det vert skeivare. Det hastar derfor å setja i gang tiltak for å sikra og stabilisera bygget.

Radøy sokneråd gjorde 27.08.2014 vedtak om å engasjere Akasia til å utarbeide søknader til Biskopen i Bjørgvin, Riksantikvaren og eventuelt andre for å gjennomføre prosjektet. Søknad til Biskopen i Bjørgvin er sendt 11.09.2014, sjå vedlegg.

Kostnaden til sjølve prosjektet er så langt rekna til 2,1 mill. kroner eks. mva., sjå vedlegg «Manger kirke - Oppretting og stabilisering» frå Akasia. I tillegg kjem søknad til Biskopen og eventuell byggesøknad.

Oppretting og stabilisering av kyrkja er eit utfordrande prosjekt. Det kan oppstå følgeskadar som det ikkje er mogeleg å ta høgde for eller forsikra seg mot. Det vil truleg vera fornuftig å rekna inn ein ekstra utgifter for å sikra at arbeidet kan ferdigstillast innanfor ei kostnadsramme.

Vi søker derfor om 3 millionar i investeringsmidlar til Manger kyrkje.

Med venleg helsing

Audun Sylta